

SV fordømmer Russland sin krig mot Ukraina!



SV

Den blodige krigen vil ramme det ukrainske folket i lang tid framover. Ukrainske kvinner og born må flykte over grensa til nabolanda. Familiar blir splitta, ingen veit når eller om dei vil sjåast igjen. Å vere på flukt er noko av det verste eit menneske kan oppleve.

Dei som kryssar grensa er i ein svært sårbar og usikker situasjon. I eit nytt land. Utan nettverk. På ei farleg reise. Onsdag 2. mars meldte FN at 836.000 ukrainarar har kryssa grensa til naboland, på flukt frå redselen krigen skapar. Eit fleirtal av desse er kvinner og born, og talet kjem dessverre til å stige.

Alle demokratiske land må bidra med det dei kan for å stoppe Putin sin ulovlege og umoralske aggressjonskrig mot Ukraina.

Noreg si viktigaste rolle er å bruke den økonomiske styrken vår til å gjennomføre sanksjonar som verkeleg bit mot den russiske eliten, og å stille opp med humanitær hjelp til det ukrainske folket.

I ein slik situasjon må alle land i Europa ta ansvaret sitt for å gi ukrainske flyktningar tryggleik.

Noreg må vere klar til å ta vår del av dette ansvaret.
Det må òg kommunen vår!

Solidaritet med Ukraina!

Sosialistisk Venstreparti
Hagegata 22, 0653 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

Meld deg inn i SV!
Send SMS med
INNMELDING <din e-post>
<ditt namn> <adressa di>
til 2090 (100 kroner)

